

Strategiplan FF 2025 - 2030



Foto: Klaus

Kva er Fjordane friluftsråd?

Fjordane Friluftsråd er friluftsrådet som held til ytterst i Sognefjorden, strekk seg nordover kysten mot Sunnfjord og til Stad i Nordfjord like inn til Stryn. Her held våre 7 medlemskommunar til med Hyllestad, Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

Vi skal arbeide for eit attraktivt og tilgjengeleg friluftsliv på kysten og i Fjordane våre. Ilag med kommunane og frivillege organisasjonar - skal vi arbeide for at våre innbyggjarar får oppleve eit godt og trygt friluftsliv for alle gjennom heile året! Vi skal også arbeide for haldningsskapande arbeid for born og unge sitt forhold til naturen.

Føremålet med planen

Føremålet med strategiplan 2025 - 2030 er å definere retninga for korleis Fjordane friluftsråd skal bidra til å utvikle og fremje friluftslivet i regionen Fjordane dei neste åra. Friluftsrådet er ein organisasjon som evner å sjå nye behov og gripe moglegheiter. Strategiplanen er difor bevisst formulert relativt open og lite konkret, nettopp for å ta i vare fleksibiliteten og gjennomføringsevna til friluftsrådet.



Hyllestad-Solund-Askvoll-Kinn-Bremanger-Stad-Stryn



Strategiske satsingsområde 2025 - 2030

1. Tilgjengelege friluftslivsområde og turstiar


- **Tilrettelegging for nærturar:** Legge til rette for turmoglegheiter nær der folk bur med god merking og informasjon.
- **God og trygg tilgang til naturen:** Sørge for at populære og sentrumsnære friluftslivsområde er tilgjengeleg for alle. Dette inkludera badeplassar, tilkomst til skog, fjell, strandline, fjord og elv, samt tilrettelagt utfartsparkering.
- **Møteplassar i naturen:** Legge til rette for menneskemøter i naturen. Utvikle friluftslivsområde med møteplassar, som t.d. gapahukar, bål plassar, benkar og liknande.

2. Styrkja folkehelse og inkludering gjennom friluftsliv

- **Frilftsaktivitet for born og unge:** Auke bruken av naturen som læringsarena. Stimulere til utandørs- og aktivitetsbasert læring i skular og barnehagar. Arrangere lågterskel aktivitetstilbod i feriar.
- **Frivillig engasjement:** Koordinere og støtte frivillige grupper, etablere plattformer for kunnskapsdeling, og bidra til utvikling av lokale initiativ.
- **Samarbeid med helse- og sosialektoren:** Fokuserer på korleis friluftsliv kan nyttast til å fremje fysisk- og psykisk velvære, med tilrettelagte aktivitetar.

3. Strand og marint friluftsliv

- **Tilgang til vatn og sjøområde:** Sikre allmenta tilgang til gode strender og fjordnære område, også i framtida.
- **Sjøbasert aktivitet:** Legge til rette for meir aktivitet og ferdsle på og ved strandlina.
- **Rein kyst og fjordar:** Støtte opp om initiativ for å rydde kystlina og fjordane våre , stimulere til frivillig rydding og skape varig engasjement.



Foto; Lasse Lund

4. Berekraftig utvikling av friluftslivet i Fjordane

- **Sikre friluftslivsinteresser:** Sikre at friluftslivsutviklinga skjer i tråd med berekraftige prinsipp. Bidra til at våre friluftslivsverdiar blir bevart for komande generasjonar.
- **Berekraftig tilrettelegging:** Tilrettelegging for friluftsliv må gjerast på måtar som ikkje skadar eller forringar naturverdiane.
- **Samarbeid med grunneigarar:** Dialog og samarbeid med private og offentlege grunneigarar for å sikre opne og tilgjengelege friluftslivsområde.



FJORDANE
FRILUFTSRÅD



Foto; Anna Kobbeltvedt



FJORDANE
FRILUFTSRÅD

5. Informasjon og synleggjering

- **Nettside:** Ha ei oppdatert og informativ nettside som gir detaljar om friluftslivsområde, aktivitetar, arrangement og ulike prosjekt.
- **Sosiale medium:** Bruke sosiale medium som informasjonskanal og til å dele inspirerende bilete, videoar og historier som løftar friluftslivet.
- **Digitale kart:** Bidra til å utvikle og støtte digitale turkart som gir brukarar informasjon om stiar, friluftslivsområde og praktiske detaljar om fasilitetar og tilkomst.
- **Eksterne kanalar:** Vere synleg i lokal presse, kommunane sine informasjonskanalar og hjå andre samarbeidspartnarar.

Oppsummering

Strategiplanen for Fjordane Friluftsråd 2025-2030 skal styrkje folkehelsa ved å gjere friluftsliv og naturopplevingar meir tilgjengeleg for fleire. Planen legg vekt på samarbeid med kommunane, frivillige, andre aktørar for å stimulere til friluftsliv nær der folk bur. Gjennom tilrettelegging, informasjon, aktivitetar og arrangement skal vi bidra til ei heilskapleg og inkluderande friluftslivssatsing i heile Fjordane !



Foto: Sverre Hjørnevik